



Radu Lucian Corfariu
Osterfjordvegen 1273
5913 EIKANGERVÅG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/4611 - 21/57727

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
01.09.2021

Avvist søknad om ombygging og oppføring av påbygg på naust -
gbnr 214/72 Fyllingsnes

Administrativt vedtak.

Saknr: 910/21

Tiltakshavar:

Radu Lucian Corfariu

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype:

Søknad om igangsetting av tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-4, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om ombygging av naust og oppføring av påbygg i form av loftsetasje avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.


Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 18.05.21.

Saka gjeld søknad om ombygging av naust og oppføring av påbygg i form av loftsetasje på gbnr 214/72 Fyllingsnes. Det er sendt inn søknad om dispensasjon frå pkt.3.1.9 i KDP Lindås for utforming av naust. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå LNF-føremål, frå byggjeforbod i strandsonen og frå byggjegrense mot veg.

Planstatus

Eigedommen gbnr 214/72 ligg i uregulert område som er avsett i kommunedelplanen for Lindås til LNF-område. Tiltaket ligg i tillegg i omsynssone byggjeforbod i strandsonen. Tiltaket krev dispensasjon frå byggjegrense mot kommunal veg då det ligg nærare enn 15 meter til kommunal veg.



VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Det er ikkje søkt om dispensasjonar frå LNF-føremål, frå byggjeforbod i strandsone og frå byggjegrænse mot veg. Dispensasjonar skal grunngjevast.
2. Søknad gjeld rehabilitering og påbygg av naust med loftsetasje, dette utløysar krav om ansvarleg søkjar/føretak. Det skal sendast fullstendig ny søknad med ansvarsrettar i regi av ansvarleg søkjar.
3. Dispensasjonar skal nabovarslast på nytt sidan det er ikkje definert kva dispensasjon som omsøkt i vedlagt nabovarsel.
4. Det skal leggjast ved estetisk vurdering av tiltaket då det er søkt dispensasjon frå alle punkta av føresegn 3.1.9 i KDP Lindås når det gjeld utforminga av naustet:
 - a) mønehøgd på naust vert på 5,5 m i staden for 5,0 m;
 - b) takformen på naust vert flat tak i staden for saltak bestemt i planen;
 - c) Takvinkel vert ikkje mellom 35-45 grader tillatt i planen.
 - d) Bruksarealet på naust vert 50 m² og skal overskride 40 m² bestemte i planen;
 - e) Naust skal få to etasjar mens det er berre tillatt ein i planen;
 - f) Daglysflate på vindauga vert mykje større enn 3% av bruksarealet.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Radu Lucian Corfariu

Osterfjordvege 5913
n 1273

EIKANGERVÅG